

## **MØTEBOK**

### **REGIONRÅDET FOR HALLINGDAL**

**Møtedato:** Torsdag 30.8 - fredag 31.8.2018  
**Stad:** Geilo, Vestlia Resort

#### **Desse møtte frå Regionrådet:**

Oddvar Grøthe,	Hemsedal kommune
Petter Rukke,	Hol kommune (unnateke sak 33)
Solveig Vestenfor,	Ål kommune
Heidi Granli,	Gol kommune
Tore Haraldset,	Nes kommune
Kristin Gullingsrud,	Flå kommune

#### **Desse møtte frå administrasjonen**

Knut Arne Gurigard, dagleg leiar  
Ulrikke Ytteborg, rådgjevar

#### **Desse møtte frå rådmannsutvalet**

Trond Augunset,	Hol kommune (unnateke sak 33)
Tone Tveito Eidnes,	Ål kommune
Hege Mørk,	Gol kommune
Jan Olav Helling,	Hemsedal kommune
Ole Jørgen Hallingstad,	Nes kommune
Odd Egil Stavn,	Flå kommune

---

### **SAK 32/18 GODKJENNING AV MØTEPROTOKOLL 27.6.2018**

#### **Vedtak**

Protokollen er godkjent.

### **SAK 33/18 HALLINGDAL INNOVASJON**

Stian Bogar frå Hallingdal Næringshage og Jørund Li frå Torpomoen Utvikling orienterte om planar med felles organisasjon for Hallingdal Næringshage, Torpomoen drift (utvikling) og HallingExpo. Vedlagt presentasjon.

Trond Ask-Henriksen frå Hallingdal Etablerersenter orienterte om hovudoppgåver og arbeidet med etablerartenestene, vedlagt presentasjon. Det vart understreka at det er eit godt samarbeid med Hallingdal Næringshage, Torpomoen og HallingExpo. Det er ikkje teke stilling til korleis Hallingdal Etablerersenter eventuelt kan knytast tettare til ei ny organisering med dei andre aktørane.

For å styrke samarbeidet mellom aktørar som arbeidar med næringsutvikling i Hallingdal, er også Forum For Næringsamarbeid etablert. Deltakarar i forumet er:

- Kommunane i Hallingdal
- Regionrådet for Hallingdal
- Hallingdal etablerersenter
- Hallingdal Næringshage AS
- Torpomoen Drift AS
- HallingExpo

**SAK 34/18 MØTE MED REGIONALT OPPVEKSTLEIARFORUM**

Hanne Brunborg (Nes kommune), Hallvor Lilleslett (Gol kommune) og Inger-Lise H Blakstad (Hol kommune), som representantar for oppvekstleiarforum i Hallingdal, orienterte om utfordringar og tverrsektorielle prosjekt for barn og unge, i regionen og kommunar.

Det vart stilt spørsmål ved om Regionrådet si satsing på livskvalitet og oppvekst si satsing «Livsmestring i et inkluderende læringsmiljø» kan sjåast i samanheng. Der m.a. eit konkret tiltak kunne vera å sikre midlar til ein heiltids utviklingskoordinator for oppvekst. I tillegg vart det stilt spørsmål ved korleis ein kan få ei tydelegare organisering og betre effektar av tverrsektorielle satsingar?

Det vart ikkje gjort vedtak men problemstillingar vil bli følgd opp av rådmannsutvalet og administrasjonen i Regionrådet i høve til oppvekstleiarforum.

**SAK 35/18 TRADISJONSMUSIKKEN OG DANSEN I HALLINGDAL****Vedtak**

1. Regionrådet for Hallingdal ser positivt på initiativet frå Martin Myhr i forhold til sterkare fokus på tradisjonsmusikken og dansen i Hallingdal.
2. Oppvekstleiarforum i Hallingdal har drøfta saka og det vil bli gjennomført konkrete tiltak i samarbeid med kulturskulane for å styrke tradisjonsmusikken og dansen i Hallingdal.
3. Martin Myhr blir invitert til eit møte for å drøfte framtidige tiltak i forhold til kulturtradisjonar i Hallingdal.

**SAK 36/18 FELLES KOMMUNAL VETERANPLAN, ORIENTERING VED GEIR ATLE MYLIUS.**

Geir Atle Mylius orienterte om forslag til felles kommunal veteranplan for Hallingdal, vedlagt presentasjon.

Grunnlaget for veteranplanar er m.a. Regjeringa sin oppfølgingsplan (2014), der det står: «Det bør legges til rette for bedre samhandling og utvikling av lokale tiltak for oppfølging og ivaretagelse av personell som har vært i internasjonal tjeneste. Kommunene oppfordres til å utarbeide kommunale eller interkommunale veteranplaner.»

**Vedtak**

1. Det skal utarbeidast ein interkommunal veteranplan for Hallingdal.
2. Geir Atle Mylius blir engasjert til å utarbeide planen, som skal leggest fram til handsaming i Regionrådet for Hallingdal i januarmøte 2019.

**SAK 37/18 OMORGANISERING NAV HALLINGDAL**

Arbeidsgruppa orienterte om arbeidet med felles NAV-kontor i Hallingdal.

**SAK 38/18 PROSJEKT LIVSKVALITET**

Dagleg leiar orienterte om prosjektet Livskvalitet og [lansering av tilrådingar](#) for korleis ein skal måle livskvalitet, i Helsedirektoratet 27.august, der Regionrådet for Hallingdal var invitert til å fortelja om sine planar. [Hallingdal sin presentasjon](#).

Det blir no arbeidd vidare med finansiering og samarbeid med aktuelle partar.

### **SAK 39/18 VEGPAKKE HALLINGDAL**

Regionrådet drøfta Vegpakke Hallingdal, som førebuing til felles møte 10.september mellom Statens vegvesen, Buskerud fylkeskommune og Regionrådet for Hallingdal.

### **SAK 40/18 SØKNAD OM STØTTE TIL PROSJEKTET «DIGITALISERING AV OLAV SLETTTOARKIVET», FORMIDLING AV DIGITALISERT MATERIALE**

#### **Vedtak**

1. Regionrådet for Hallingdal gir avslag på søknad frå Olav Sletto-selskapet om støtte til formidling av digitaliserte materiale.
2. Regionrådet for Hallingdal vil ta initiativ til ei vurdering av eit felles prosjekt/tiltak knytt til formidling av immateriell kulturarv i Hallingdal.

### **SAK 41/18 HALLINGDAL FRAMOVER**

Regionrådet/rådmannsutvalet drøfta saka med bakgrunn i notat 19.6.2018.

#### **Vedtak**

Det blir gjennomført eit eige arbeidsmøte for regionrådet/rådmannsutvalet. Som ein del av grunnlaget førebur den einskilde kommune ein presentasjon, som skal synleggjera mogelegheiter og utfordringar. Møte blir planlagt gjennomført i oktober og det skal vurderast eventuell ekstern bistand.

### **SAK 42/18 EVENTUELT**

#### **Hyttehallingen**

Ulrikke Ytteborg orientertre om [hyttemessa for Hallingdal](#), på Flå 21 – 23.september. Utstillingsarealet er fullteikna.

#### **Felles forliksråd**

Ut frå tidlegare vedtak og eksterne prosessar er tida moden for vidare drøfting av felles forliksråd for Hallingdal. Leiarar av forliksråda skal inviterast til møte med Regionrådet for Hallingdal i september eller novembermøte.

#### **Brussel**

Program for studietur/kurs til Brussel vart gjennomgått og drøfta.

Hallingdal 6.9.2018

Knut Arne Gurigard  
Dagleg leiar